



Uskedal Helselag med leiar Eli Roseth Eik i digitalt møte med Statsministeren.

Uskedal Helelag saman med tre andre organisasjonar frå Vestland og Rogaland fylke var i går i digitalt møte med Statsminister Erna Solberg. Eli Roseth Eik, leiar i helselaget, sat i si stove og hadde direkte kontakt og drøftingar med Erna. Tema var tiltak for eldre og andre sårbare grupper i ei koronatid. Frå Uskedalen vart særleg Koronakafeen med støtte frå DAM stiftinga framheva, eit tilbod i Gamleskulen kvar tysdag frå kl. 11 til kl. 14.

Vi kjenner ikkje til at nokon frå Uskedalen har vore i digitalt møte med Statsministeren før. Det var avsett ein time til møte der fire lag/organisasjonar presenterte sine prosjekt med etterfylgjande spørsmål og drøfting. Statsministeren leia møte, noterte og var aktiv med spørsmål om erfaringar, varighet og kva utfordringar ein såg for seg i tida framover.

Eli Roseth Eik fortale om Kafe Tiaren og overgangen til koronakafe med bakgrunn i tronge lokale og lite kjøkken. 18 frivillige på 9 grupper gjer jobben. Snittet på frammøtte er 22 personar kvar gong. Tilbakemeldingane er gode og tiltaket held fram så lenge løyvinga frå DAM strekk til.



Digitalt møte der Erna Solberg er godt synleg på skjermen. Oppe i høgre hjørnet ser vi Eli Roseth Eik frå Uskedal Helselag. Eit morosamt innslag var det då Statsministeren spurde om det hadde vore kafebesøk frå Varaldsøy, der familien hennar har hytte. Eli svara at ein hadde vore varsame med grupper frå andre bygder, dette for å ikkje ha for mange personar i lokale på same tid. Ei gågruppe frå Varaldsøy har likevel varsla tur til Uskedalen og kafeen då smittesituasjonen har roa seg. Erna var nøgd med svaret. Ho spurde også om smittesituasjonen i Kvinnherad. Ein var også inne på transport og andre tiltak for eldre i tida fram mot jul.

Dei andre tiltaka, som vart presentert, var:

- Idretten i Bergen sør: Tilrettelagde tilbud for born og ungdom som ofte ikkje er med i ordinære aktivitetar
- Stavanger Røde Kors - besøksteneste: Livsgnist livet ut med ein til ein koplingar, heimebesøk, aktivitetar og opplevingar ute
- Kristiansund Pensjonistforening: Aktiv sterk og stødig med tilbud for eldre som bur i burettslag.

Regjeringa har løyvd 400 mill. kr i tiltakspakke retta mot det om vert definert som sårbare eldre. 50 millionar av desse midlane kan helselag og demensforeningar i Nasjonalforeningen for folkehelsen søkja på. Alle søknader går til DAM stiftinga (tidlegare Extra stiftinga).

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal